



Færing i halvformat vert nytta i skuletimen i Bøkkerverkstaden

Radarparet Bjørn Arve Lunde og Johanna Øvstebø Tvedten ved Sunnhordland Museum held fram med det pedagogiske opplegget EG BYGGER MEG EIN BÅT. I føremiddag har sjuendeklassa ved Sunde skule fått meir kunnskap i Bøkkerverkstaden om Norges nasjonalbåt færingen.

Men opplegget har også vorte ein klar internasjonal suksess. Det har sidan 2008 vore presentert både i England, Skottland, USA, 2 gonger i Frankrike og Irland og det stoppar nok ikkje der.

I Irland var museet på plass under 1100-årsjubileet til byen Waterford sist sommar. Vikingtoktene frå Noreg er ein viktig del av historia deira og opplegget vart gjennomført med irske 12-åringar som var svært entusiastiske. Teamet frå museet fekk i det heile ei god mottaking. Det nasjonale, irske TV-selskapet laga ein fin reportasje om bygginga av den norske færingen.



Spikkegjeng leia av lærar Kjell Magne Stråbe

uskedalen.no var fluge på veggen i Bøkkerverkstaden idag og vart imponert over Sunde-elevane. Det vart også lærar Bjørn Arve, som ikkje hadde noko problem med å øve inn dei taktfaste strofene som dei jobba etter i gamle dagar.

Han tykte elevane var svært flinke.

- Dykk er flinke og hugsar godt, var attesten. Tekst,

foto og nett: Ola Matti Mathisen





Samordna innsats med båtbygging Arbeidet gikk med

liv og lyst - Sunde-elevane var flinke